



PLANFORUM 2014.02.04 kl.1100 - kl.1400 Møterom 700 Fylkeshuset	
Saktittel:	Surnadal kommune, forslag til kommuneplanens arealdel
Til stades:	<u>Surnadal k:</u> Mons Otnes, Inge Skogheim, Håvard Stensønes <u>FMMR:</u> Lars Kringstad, Marie Eide, Kristin Eide, Stine Sætre, Renate Frøyen <u>Stat.Kartv:</u> Sven Michaelis (til ca 1300) <u>Kystv:</u> Oddbjørn Sæther <u>SVV:</u> Jan-Kristian Janson (til ca 1200) <u>NVE Midt:</u> Finn Herje <u>MRFK-KU:</u> Harald Bentz Høgseth, Silje Svinsaas Holiløkk (begge frå ca 1200) <u>MRFK-RN:</u> Arne-Dag Gjærde, Arve Slettvåg (til ca 1200) <u>MRFK-PoA:</u> Max Ingar Mørk, Johnny Loen (referent)
Referat:	<u>Surnadal k:</u> Otnes innleia om kommunen: Stort areal - innland-kyst, noko auke i folketalet, må tilby attraktive bustadtomter. Variert næringsliv/stor på landbruk, bu- og arbeidsmarknadsregion saman med Rindal og Halså. Trollheimstunnell vil utvide denne med/mot Sunndal. Stensønes gikk gjennom delar av planforslaget: Har gjennomført helikopter-fotografering som grunnlag for saksbehandling. Har også hatt scenariework knytt til kommuneplanprosessen; 3 ulike scenarier vist. Stor grad av medverknad både skriftleg og i 6 folkemøte. Stor merksemd om bustader. Opplever at få attraktive bustadområde er regulert i dag. Må drøfte om nokre område skal takast ut av kommuneplan. Reknar med vedtak om offentleg ettersyn i mars. Sjøareal vert vist til interkommunal prosess. Generell diskusjon: <u>MRFK:</u> Må drøfte kva "sentrum" skal vere og er, jamfør også regional senterstrukturplan. Elles om bustader: Kva er samanhengen mellom trendvekst og vekst ønska gjennom planen? Korleis er faktiske analyser teke omsyn til i arealbruksforslaget ? <u>Surnadal k:</u> Det er gjort ei enkel behovsanalyse m.o.t. bustader. Det vert ikkje foreslått nye, store bustadområde utanom kommunesenteret. Generelt er det fokus/behov her og i retning Kvanne/Nordvika. Det er igang eit prosjekt med 12 utleigebustader retta mot unge etablerarar, flyktningar mv. (for å nå mål om ulike bustadtypar). Den vidare diskusjonen vart samla kring fem konkrete spørsmål frå kommunen: 1) Dagens kommuneplan har areal avsett til flyplass. Kommunen drøftar å ta denne ut. Forsamlinga tilrådde dette med utgangspunkt i at flyplass neppe vert realisert. KU må avklare om framtidig bruk vert avgrensa av ureining i grunnen frå tidlegare avfallsplass. Kan ligge til rette både for utvida industriareal og for landbruk. 2) Ny Fv65 forbi Røvd. Her finst ei framtidig vegline i gjeldande plan. Kommunen vurderer alternativt å utvide eksisterande veg inkludert fortau/gang-sykkelveg. Spørsmål også om flytting av "sentrum" tilpassa ein ny vegline. Sin samarbeider med STFK om heile Fv65. Kan ha overskotsmasse frå prosjekt i Folldalen <u>SVV:</u> Prosjektet er ikkje i nokon investeringsplan no, men vil kunne gi konkrete tilbagemeldingar om det reint vegfaglege dersom planen er konkret på forslag.

	Begge traséforslag er tenkjelege. <u>MRFK</u>: KU må vere tydeleg på kva undersøkingar som må utstå til reguleringsprosessen. <u>FMMR</u>: Ny trasé mot fjellfoten kan lette presset på landbruksjorda i området. 3) Tursti langs Surna elv. Kommunesenteret er etter måten dårleg "påkopla" elva. Ønskjer å auke kvaliteten og nærleiken. Det ligg føre eit arkitektforslag om ringløype Skei-Surnadalsøra, dels innom naturreservat. Kan gjennomførast etappevis og med varierende standard. <u>NVE</u>: Er positiv til prosjektet, men må ta omsyn til elvenaturen. Derfor behov for detaljregulering, i alle fall for delar av traséen. Det er opna for revisjon av vasskraftkonsesjon i Surna/Trollheimen. Resultatet kan verte auka minstevassføring. Neppe ferdig før 2021. KU må synleggjere flaumsone. <u>FMMR</u>: Tilhøvet/tilpassing til naturvernområde må avklarast i eigen prosess i samband med detaljreguleringa. Verneforskriftene avgjer dette. Det er ikkje ferdselsrestriksjonar (utanom motorferdsel) i reservatet i dag. Positivt med omsyn til folkehelse, tilgjengeleg der folk bur. Kople gjerne mot skular, sjukeheim mv. Helseløypemidlar kan vere aktuelt for delar av traséen. <u>MRFK</u>: Formidling av kulturarv langs løypa vil styrke attraktiviteten. 4) Snøskutertrasé. I samband med forsøksordning er det igang eit samarbeidsprosjekt med Rindal og hemne kommunar om snøskutertrasé med utgangspunkt i Dalseggia og nordover på nordsida av Bøverdalen. Fordrar grunneigaraksept. Ønske om å styre støy unna dei tette hyttegrendene. Må vere tydeleg mål i enden av løypa. Konsekvensar for andre arealbruksinteresser vil bli drøfta i KU. <u>NVE</u>: Må utgreie fare for snøskred langs traséen, jamfør kommunen sitt ansvar ved tilrettelegging. <u>FMMR</u>: Sluttført, samla ROS-analyse bør ligge til grunn for endeleg avgjerd om løype. <u>MRFK</u>: Må diskutere prinsippet om å opne nye område for støy vs. å knyte seg til "eksisterande støy" 5) Konkrete forslag til nye bustadområde. Ved Øye prestegard. Fortetting kring skuleområdet, fire einebustader. I samsvar med etterspurnad. <u>FMMR</u>: Ikkje i konflikt med dei aller beste jordbruksområda, men vil sjå alternativvurderingar først. Dersom matjord skal takast bør det også vere tett utnytting. <u>MRFK</u>: Stort potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Vi bli kravd undersøkingar her. Område i Bøfjorden. Aktivt lokalsamfunn. Nedlagt kommunal skule, men søknad om å halde fram i privat regi. Gjeld eit lite jorde nær båthamna, 10-12 einebustadtomter. <u>FMMR/MRFK</u>: viser til nyleg vedteken reguleringsplan i nærleiken med 6 tomter. Konkret forslag om å sjå på areal i lisida litt lenger nord som i mindre grad rører ved landbruksareal. Ulike alternativ bør drøftast opp mot eit realistisk behov. Omsorgsbustader på Todalsøra. I tilknytning til eksisterande omsorgsbustader og bustadfelt. <u>FMMR</u>: Viser til planframlegg i same areal som vart avvist av grunneigar i 2013. Jorda er i aktiv drift. Bør drøfte strukturen i eldreomsorgen samla. Kvar er hjelpebasen dersom dette skal vere siste bustad ?
--	---